



Tryggheimhelsing



Russekoret
s. 4



Vant priser i NM
s. 5



Russ i Etiopia
s. 8



Løp inn over
650 000,-

s. 10

Takk nemleg for 100-årsmarkeringar

I samband med 100-årsjubileet var møtesalen på Tryggheim igjen fylt opp av Tryggheim-vener i slutten av april. Vi møtte til og med opne opp til gym-salen. Jubileumsmarkeringane samlar fleire enn eg hadde tenkt på førehand, og samlingane løfter fram ulike sider som betyr mykje både for skule og kvardag. Vi ønskjer saman med Tryggheimvenene og misjonsfolket å blankpusse friskulens ideal og løfte fram viktige tema som opptek oss.

Misjon i ei ny tid

Det har gått lang tid sidan Jesus gav oss misjonsbefalinga, men verdas viktigaste oppdrag er framleis det same. Det står fast, kunne gjestane misjonær Helga Røyland, misjonsrådgjevar Rune Mjølhus, leiar NLM Utland Hans Arne Sanna og mediaprofesjonell Even Kleppa stadfeste på ei av jubileumsmarkeringane. Evangeliet går fram, og kyrkja veks, men likevel er det 6000 folkegrupper som ikkje har ei levande kyrkje og som ikkje har moglegheit til å høyre verdas beste bodskap.

Misjon pregar også kvardagen på Tryggheim skular. Dei siste ti åra har elevane samla inn 11,4 mill. kroner til bistands- og evangeliseringsarbeid. Seinast i dag var eg saman med elevane og sprang misjonsløp på Tryggheim. Vi gav alt for Etiopia! Eg fekk gode samtalar med fleire elevar om både skule og framtid. Løypa gjekk forbi den kurdiske nabofamilien min. Lenger nede traff eg ein eg ikkje hadde helsa på før. Jo, det var Mustafa, frå Midtausten. Han hadde budd på Nærbø i mange år og var her i nablaget for å besøke dotter si. Ja, tenkte eg seinare på dagen – det er sanneleg lagt til rette for misjon i ei ny tid. Mange av oss kan i dag krysse kulturelle og språklege grenser berre ved å krysse vegen vi bur i.

Folkehelse og livsmeistring

Denne våren har vi også hatt markeringar med tema 'Påske – oppstandelsen', 'Menneskeverd' og 'Folkehelse og livsmeistring'. Det står følgjande i Regjeringa sin strategi

for god psykisk helse: «De fleste av oss snakker både høyt og tydelig når det handler om fysiske smerten og plager. Men når det handler om angst eller vonde tanker, blir mange av oss både lavmælte og fåmælte». Og vidare: «Derfor trenger vi mer åpenhet og mer kunnskap om psykisk helse. ... mer kunnskap om at vår fysiske og psykiske helse virker inn på hverandre. Grunnlaget for god psykisk helse legges når vi tør å snakke like høyt om vonde tanker som vonde knær. Gjennom et langt liv vil de fleste av oss oppleve å ha det både godt og vondt – både på utsiden og på innsiden. Det er helt normalt. Psykt normalt.»

Folkehelse og livsmeistring er eitt av tre tverrfaglege tema som er foreslått inn i alle fag frå 2020. Temaet skal bidra til at elevane lærer å handtere medgang og motgang, og personlege og praktiske utfordringar på ein best mogleg måte. Det at nær 600 møtte på denne samlinga på Tryggheim, seier noko om aktualiteten. Oddvar Vignes frå Finnøy fortalte si sterke livshistorie om då han frå utsida såg ut til å meistre livet svært så godt. Men det biletet var langt frå sanninga, og det heldt på å gå skikkeleg gale. Psykiater Stig Heskestad var også med i sofaamtalen etterpå. Han fortalte at ungdom i dag har fleire og større utfordringar enn det han hadde som ungdom. Og tenker vi 100 år tilbake i tid, er forskjellen endå større, heldt Heskestad fram. Litt av dagens kontekst er også i følgje Heskestad denne:

«Noen utsettes for sorg og ustabilitet, og ikke minst gjør det seg gjeldende for alle som vokser opp i familier som brytes eller løses opp. Det skjer brudd i nesten halvparten av alle forhold, og at også det er en byrde, må vi erkjenne. Det er ikke lett å si, - for det angår så mange. Vi vet at foreldrene ønsker det beste for barnet, men samtidig vet vi at dette spiller inn.» Heskestad hadde eit godt råd om å vere sterke og halde ut gjennom tunge tider. Han hadde mangfaldige historier om at det går over, farvatnet blir rolegare, det er løysingar og håp i sikte, sjølv om ein kanskje ikkje der og då kan sjå det. Han heldt fram at livet svingar for alle, men det er lækjande krefter innebygd i oss som gjer at tankar og kjensleliv kan snu og kome på rett kurs igjen, og ein kan igjen augne håp og livsmot.

«Lær den unge den vegen han skal gå! Så vik han ikkje frå han når han vert gammal», Salomos Ordspråk 22,6. Takk for omsorg og forbøn for arbeidet på Tryggheim!



Jubileumsgåve

voops

104908

En gang speider – alltid speider

Ah! Endelig fant jeg den, innerst på kottet – speiderskjorta jeg sist brukte da jeg som 18-åring sluttet i speideren. Synet av skjorta vekker gode minner. Den er like fin nå som da jeg som ungdom bar den med stolthet. For det gjorde jeg virkelig. Alle merker og stjerner er sydd på med ivrig hånd – merker som viser hvem jeg er og hva jeg kan. Skjorta er utstyrt med elleve stjerner – én stjerne for hvert år som speider. Noen merker viser hvilke grader jeg har gått og hvilke kurs jeg har tatt. På ernet sitter ferdighetsmerkene. Hvert emblem er en belønning for min harde innsats for å oppfylle krav innen ulike tema og aktiviteter. Iført speiderhatt, skjort, belte og en velutstyrt speiderskjorte kunne alle se at jeg var en god speider.

Siden den gang må jeg innrømme at jeg flere ganger har tenkt at det å samle «åndelige merker» vil gi meg en stjerne i himmelens bok. Hvis Gud evaluerer mennesker etter ferdighetsmerkesystemet, ja, da tror jeg at jeg ligger ganske godt an. Jeg kan vise til en lang timeliste av dugnadstimer, Bibelen min har et hjemmesydd trekk, og jeg folder hendene mine andeiktig for bønn. Gode speidere stiger i gradene. Gode mennesker kommer til Himmelten.



Heldigvis tenker Gud helt annerledes. Hans idé er mye bedre: «For av nåde er dere frelst, ved tro. Det er ikke deres eget verk, men Guds gave.» (Ef. 2,8). Min innsats teller ikke – ikke i det hele tatt. Den er lik null. I motsetning til ferdighetsmerkene på speiderskjorta er sjelens frelse ufortjent. Det er en gave.

Det er lett å tro på oppstandelsens under, men hva med nådens under ...? Guds uendelige kjærlighet kan ingen av oss gjøre oss fortjent til. Det nytter ikke å samle på verken ferdighetsmerker eller poeng for gode



Hilde Merete Viste

gjerninger. Guds kjærlighet og Guds nåde er vår – gitt oss som en gave. «Han som ikke sparte sin egen Sønn, men ga ham for oss alle, kan han gjøre noe annet enn å gi oss alt sammen med ham?» (Rom. 8,32). Gode gjerninger gjør oss ikke fortjent til noe. Guds verk gjør oss fortjent til alt.

Speiderskjorta mi vekker fremdeles gode minner. Samtidig forteller den meg så tydelig at å prøve å gjøre Gud fornøyd gjennom prestasjoner fører ingen steds hen. Det eneste det fører med seg, er utmattelse. Jesus sier ikke: «Kom til meg, alle dere som er perfekte og syndfrie». Nei, Han sier: «Kom til meg, alle dere som strever og bærer tunge byrder, og jeg vil gi dere hvile.» (Matt. 11, 28).

Jeg innsrer at mine tanker om ferdighetsmerker i Guds rike er täpelige tanker, og de undervurderer Guds offer. Det er Gud alene som kan frelse. Han er vårt håp og vår frelse. Du og jeg kan derfor hvile i Herrens ord: «Min nåde er nok for deg.» (2. Kor. 12,9).

Fordjupingsmeisterskapen 2019



Alle som deltok fekk ei bok for innsatsen.



Odd Arne engasjerte tilhøyrarane med foredraget sitt.

Tekst og foto: Ole Johnny Møyholm

Kvart år arrangerer Garborgsenteret på Bryne Fordjupingsmeisterskapen, ein konkurranse mellom elevar på vidaregåande skular. Tre av tredjeklassingane på studieforebuande på Tryggheim var kandidatar til å delta, og Odd Arne Fosse frå 3STA kom gjennom nålauget med foredraget «Nietzsche døydde han òg»,

om korleis boka **1984** av George Orwell utforskar eksistensiell nihilisme gjennom hovudpersonen Winston.

Meisterskapen gjekk av stabelen fredag 26. april med sju deltakarar. Dei heldt foredrag av særslig kvalitet. Juryen hadde ei vanskelig oppgåve. Dei måtte kome til ei avgjerd. Jørgen Hestnes, frå Stavanger katedralskole,

med foredraget «En androgyn antihelt», fekk Garborgprisen. Han tok tak i temaet maskulinitet, noko også Garborg var oppteken av. Fordjupingsmeister 2019 vart Telma Eckhoff Dagestad, òg frå Stavanger katedralskole, med «Menneskenes hjerter og det ubevisste sjelaliv».



Russekoret

Russekoret har gledd oss stort gjennom skuleåret. Takk!

Det er vår. Det er mai. Det er russetid. Raude russedressar så langt auget kan sjå, og øyredøyvande «Kan eg få russakort?» Ijomar frå barnehagen like ved. Men det er ikkje berre russeknutar som gjeld for tredjeklassingane. Russekoret har fylgt oss gjennom året, til stor glede for mange. No har siste tone lydd, og Tryggheimhelsing har tatt ein kjapp prat med Lilly Skårland Abbay og Ida Malene Horpestad om den syngjande russen.

Tekst: Kristin Samdal
Foto: Tårn Helge Helgøy

To songglade jenter fortel om øvingar kvar veke, og om deltaking på open dag, morgenandaktar og jubileumsfeiring. Under kyndig leiing av dirigent Emilie Sjursen har dei også hatt tre konsertar. Saman med dyktig komp frå lovsongstesta i Fredheim arena gav dei oss to flotte førjulskonsertar i Nærbø kyrkje. Gjennom sterke og givande julesongar skapte dei julestemning for medelevar, personale, familie, slekt og vener, og elles alle som kom. Då «Mary, did you know» runga i kyrkjerommet, var det ingen som var i tvil om verken songgleda eller formidlingsevna til åtti syngjande russ.

«Julekonsertane har vore det store høgdepunktet», fortel jentene. «Det var så god stemning! Det var så kjekt å gjera noko i lag. Me ovde jo så mykje like før, men alle var innstilte på det, så stemninga var skikkeleg god. Me var gira på å samla inn pengar. Det var skikkeleg kjekt.» Konsertane samla inn heile 75.000 kroner til misjonsprosjektet, og det er ikkje det einaste som gleder jentene. «Me trur det var mange som oppdaga glede ved å syngja i lag. Og det er kanskje det som har vore aller kjekkast med russekor; å syngja, og at det verka som fleire fekk sansen for song og

musikk. Me opplevde ei veksande interesse for det, og det er så fint!».

Koret har vore viktig for russen, understrekar dei. «Det er så sosialt å syngja i lag. Ein må ut av komfortsona, utlevera seg sjølv litt, og då bind det folk saman, også på tvers av klassane». Dei er samstemente om at russekor gir viktig samhald og fellesskap. «Du treng ikkje eingong vera god til å syngja. Er du dedikert, held det lenge», seier dei, og avsluttar med ei fyndig samanlikning: «Det heiter vel at mange bekkar små gjer ei stor å, og slik er det også med kor!»



Ungdomsbedrift fikk to priser i NM

Eldregnisten UB vant prisen for beste regnskap i NM for ungdomsbedrifter.

Tekst: Henrik Foss
Foto: Ungt Entreprenørskap og Knut Handeland

Eldregnisten fra Vg2 studiespesialisering og TB fix & finish fra Vg2 byggteknikk konkurrerte med landets 80 beste ungdomsbedrifter i NM på Lillestrøm 25. og 26. april. I tillegg til å vinne regnskapsprisen kom Eldregnisten på andre plass i konkurransen «Beste sosiale entreprenør».

Dette er juryens begrunnelser:

Spleiselagets regnskapspris (første-plass):

«Dette regnskapet skårer høyt på alle vurderingskriterier: Bilagshåndtering, oversiktighet, avstemninger og sluttregnskap. Bedriften har hatt beundringsverdig kontroll over et omfattende regnskap med mange bilagstyper. Bilogene har høy kvalitet og viser virkeligheten til bedriften. Regnskapsansvarlig svarte utfyllende under intervjuet og juryen ble imponert av hennes regnskapsforståelse.»

Beste sosiale entreprenør (andre plass):

«Denne ungdomsbedriften har skapt en løsning for en stor del av befolkningen, eldre, gjennom åpne samtaler som byggstein mellom flere generasjoner. Ungdomsbedriften har bevist økonomisk lønnsomhet og har dokumentert interesse fra potensielle kunder. De fokuserer både på en tjeneste og et kunnskapsbasert produkt, som har helsefremmende effekt og som øker livskvalitet hos eldre.»

TB fix & finish var for øvrig en av åtte som ble nominert i konkurransen «Beste yrkesfaglige bedrift», mens Eldregnistens daglige leder, Sunniva Muren, ble nominert i kategorien «UE Alumnis lederskapspris».

Eldregnisten, som er Rogalands beste ungdomsbedrift, har utviklet et spill for eldre som skal vekke gamle minner, mens TB fix & finish, som ble kåret til fylkets beste yrkesfaglige ungdomsbedrift, snekrer møbler etter kundens ønsker.



Eldregnisten vant prisen for beste regnskap i NM for ungdomsbedrifter. Fra venstre: Sunniva Muren, Malin Rosnes og Marta Elvira Eidsaa Bjorland. Divisjonsdirektør Marta Johanne Gjengdal i Skatteetaten stod for overrekkselen av utmerkelsen.



TB fix & finish ble nominert til prisen for Norges beste yrkesfaglige ungdomsbedrift. Fra venstre: Andreas Vorhaug, Markus Stokland, Filip Mydland og Daniel Opheim.

Lærarstudentar i praksis på Tryggheim ungdomsskule

Dei siste åra har Tryggheim ungdomsskule vore praksisskule for studentar ved grunnskulelærarutdanninga ved Universitetet i Stavanger. Mange studentar har hatt sitt første møte med lærargjerninga i klasseromma her, og fleire av praksisstudentane har seinare arbeidd ved Tryggheim både underveis, i løpet av og etter utdanninga.

Tekst og foto: Håkon Haugland

Nå i vår er Krister Berentsen, Ingebjørg Haugom og Trygve Sandvik i praksis ved Tryggheim ungdomsskule. Dei går første året på GLU 5-10 (grunnskulelærarutdanning for 5.-10. klasse) i Stavanger, og har òg hatt praksisperiode her i haust.

«Det er veldig bra å ha praksis ved Tryggheim ungdomsskule», svarer dei samstemte. Ingebjørg seier at det er bra å få testa teoriane og det lærarane ved universitetet underviser i. Utan praksis kjem ein ikkje langt i lærarutdanninga. Det å møta ulike menneske, ikkje berre høyrja om dei, er bra, i følgje Krister Berentsen. Han har tidlegare vore ute i praksis gjennom elektrikarutdanninga si, og seier at han hadde den same erfaringa derfrå. «Mellan anna lærer ein å samarbeida med andre yrkesgrupper, noko me høyrer lite om på universitetet.»

Erfaringane frå praksis blir også brukt i undervisninga på universitetet. «Me får knaggar å henga teorien på», seier Trygve Sandvik, «me kan gjera betre refleksjonar, og sjølv om ikkje praksiserfaringane blir brukt veldig direkte, gjer dei at me arbeider annleis med oppgåver i undervisninga.»

Trygve seier at han ikkje har blitt sikrare på at han skal bli lærar, det har han vore trygg på lenge, mens Ingebjørg og Krister er blitt veldig sikre på yrkesvalet etter praksis.

Kjem tilbake til Tryggheim

Det er etter kvart mange tilsette på skulen som først var her som studentar. Andreas Weiss Vasshus, Brian Taksdal Engen, Jakob Zieliński Grastveit, Kristian Sigerstad og Vidar Aarstad har alle hatt praksisperiodar her som studentar ved UiS. Også Kristine Pedersen, som nå er i permisjon, hadde praksis her då ho studerte ved NLA i Bergen.

Tryggheimhelsing har prata med ein av dei tilsette med praksisbakgrunn frå skulen, og




Krister Berentsen, Ingebjørg Haugom og Trygve Sandvik er lærarstudentar ved UiS, og har vore i praksis ved Tryggheim ungdomsskule i seks veker dette skuleåret.

Andreas Weiss Vasshus seier mellom anna at praksisperioden på Tryggheim gjorde han sikker på yrkesvalet. «Den første praksisperioden min var her, og det gjorde meg trygg på at eg hadde valt rett. Eg ønskte praksis på Tryggheim fordi eg tenkte at det kunne vera ein skule eg kanskje ville arbeida på seinare», fortel Andreas. Han seier vidare at det er mange studentar som er ringevikarar på skular der dei har hatt praksis, men at det ikkje er så mange som har faste stillingar mens dei framleis er underveis i studiet, slik Andreas og Brian har på Tryggheim.

Andreas meiner at det berre er positivt å koma tilbake til ein skule han har hatt praksis på. «Eg var allereie kjent med miljøet på skulen, kjente godt praksislærar og andre lærarar eg hadde samarbeidd med, så det var trygt å starta her når ein var ny. Eg veit kva skulen står for og har møtt ein del av elevane tidlegare», held Andreas fram som viktige grunnar til at det er godt å koma til ein kjent skule som nytdanna lærarar.

Bra for skulen, bra for utdanninga

Også Tron-Arild Grødem, leiar ved Tryggheim ungdomsskule, held fram rekruttering som ein av dei viktigaste grunnane til å vera praksisskule. Skulen får treffa mange aktuelle lærarar, og mange skular seier at det er lettare å få tak i nyutdanna lærarar for skulane som er praksisskular. Derfor er det viktig for skulen å vera praksisskule. Men det



Stort mannefall då Tryggheimhelsing tok bilet av tilsette med praksis frå Tryggheim. Men Andreas Weiss Vasshus, Brian Taksdal Engen og Vidar Aarstad var til stades.

er også bra at friskulane er ein del av lærarutdanninga i Noreg, dei må vera med på kartet. «Om det berre er dei offentlege skulane som er praksisskular, vil komande lærarar ha ei mindre brei erfaring. Det er viktig å sjå ulike skuleslag.»

Tid er pengar venner

Tryggheim er heldig og har mange lærarar med internasjonal erfaring. Knut Reier Indrebø har dei siste åra arbeidd på den norske skulen i Nairobi. Nå ser skulen fram til at han kjem tilbake til Noreg og ungdomsskulelivet. Frå hausten av skal Knut Reier vera trinnleiar for 8. trinn. Les kva han tenkjer om tid, effektivitet, relasjonar og stress.

Tekst og foto: Knut Reier Indrebø

Berre ti meter framover på 20 minutt! I bil! Den kenyanske trafikken er kvelande for ein norsk effektivitets-nevrotikar når sola steikar, airconditionen har lagt på røyret og det ser ut til at alle sjåførar i nærleiken snik i køen. Var det verkeleg dette NLM sende meg ut for å vera vitne til?

Eit velkjend og visstnok vakkert afrikansk ordtak seier at "Tida går ikkje, ho kjem." Har du hørt slike tøv? Det er for så vidt sant at tida kjem, men ho går jo også! Og alle desse dagane som kom og gjekk, er jo sjølve livet? Det var vel ikkje meiningsa at me skulle bruka livet på å stå stille i kø, var det vel? Ikke reis til Afrika, er mitt råd om du vil gjera noko anna.

- Sjåfören er der om ein halvtime, svarte dama på Pizza Inn då eg ringte og bestilte take-away ein ettermiddag. Då eg heldt på å døy av svolt ein time seinare, ringte eg opp att og spurde temmeleg høgrøysta kor maten blei av. Pizzadama forstod ikkje kva problemet var. Ho hadde berre misforstått, og maten var på veg. Eg ville nok bli mett, meinte ho.

Mzungu! Mzungu!

Nokre gonger er det slik at det er viktigare for ein kenyanar å helsa lenge og grundig på ein fjern slektning av farmor si avdøde svigerinne enn å koma tidsnok til den avtalene me blei samde om for ei god stund sidan. Relasjonen blir viktigare enn klokka. Menneske blir viktigare enn effektivitet. Å sjå kvarandre ansikt til ansikt, få augekontakt, det trumfar alt. Er det rart det blir ineffektivt? Er det rart utviklinga ser ut til å stå stille i denne delen av verda? Uttrykket "African time", som blir brukt når folk støtt og stadig er mykke forseinka, har ikkje blitt til heilt av seg sjølv.

Når eg då blir litt for brå i svara til mine afrikanske venner, står dei ofte der og smiler. Dei smiler av oss bleikansikta. Det er me som er til å le av. Av og til gjer dei meir enn å le også. Kvithudane har fått eit eige kallenamn på swahili, og kjem eg litt utanfor allfarveg, høyrest både kviskring og roping: "Mzungu! Mzungu!" Ordet si opphavlege meinung er "omstreifar", ein som virrar fort fram og tilbake (tilsynelatande utan mål og meinung). Kanskje ligg det noko i det.



Men så kom hvite mann

I sangstundene på Bø skule song me som 5.-klassingar Den siste mohikaner av full hals: "Prærien lå som et sted, hvor man kun hadde fred Men så kom hvite mann, Med kultur og forstand".

Me forstod nok ikkje kva me song. Me tenkte i alle fall ikkje over om me kanskje sjølve hadde tapt noko. Kva er det som er tapt? Har me mista freden?

For ei stund sidan vart eg gjort merksam på eit prosjekt frå Skottland som prøver å gjera noko med tempoet i våre vestlege kyrkjer. Målet er nok ikkje heilt å nå dei afrikanske tilstandane, men poenget er likevel tydeleg: Me bør skifta frå først og fremst å vera effektive til å vera medmenneske, frå å tala til å lytta. Dei har kalla prosjektet Godspeed, eit ord som på engelsk eigentleg blir brukt til å ønska nokon lukke til eller Guds signing over reisa, men som også får ei dobbel meinung her. Korleis er Guds tempo? Kva ville Jesus gjort?

Lågt tempo = godt tempo?

Jesus gjekk til fots, han. I gangfart. Han stoppa framfor treet hos Sakkeus. Han ville lytta til Bartimeus og spurte: Kva vil du at eg skal gjera for deg?

Relasjonen er viktigare enn effektivitet. Menneske er viktigare enn økonomi. Å sjå kvarandre ansikt til ansikt, å få augekontakt, det trumfar alt. Også i klasserommet.

Faktum er at misjonsarbeid i dag skjer meir og meir på denne måten, over heile kloden. Fleire av misjonærkollegaene mine her i Aust-Afrika seier at den viktigaste oppgåva no er bøn og relasjonsbygging: Å gå rundt og snakka med folk, ta seg tid og prøva å forstå. Det er eit universelt språk som trenger gjennom, som betyr noko. Tid er ikkje pengar. Tid er venner.

Så kanskje er det det som er poenget med å stå og stanga i timesvis i Nairobi-trafikken: Å læra meg ei lekse om at "African time" også er "Godspeed", at lågt tempo kan vera godt tempo, og at meir av det eg gjer burde skje på denne måten.

Leiarhjørnet



Tron-Arild Grødem

Er du oppteken av kva dei andre tenkjer og meiner om deg? Er du oppteken av deg sjølv? Har du tenkt over kva som gjev deg verdi?

Eg trur dei aller fleste menneske er opptekne av korleis ein tek seg ut, og kva dei andre tenkjer og meiner om ein. Kvar av oss har nok ein tanke om korleis me ynskjer å bli oppfatta. Me har ein fasade, eit ytre som me pyntar, vurderer og er opptekne av i større eller mindre grad. Me framhevar det me ynskjer å framheva, og skjuler det som me ikkje ynskjer skal koma fram. Me blir fortalt gjennom massemmedia kva som er ideale og korleis me bør sjå ut. Mange får kommentarar gjennom Instagram, Facebook og Snapchat om kor flotte eller kor forferdelege dei er. Kvar dag blir ungdommane (og vaksne for den del) vurderte og sett karakter på. Kva når ein ikkje klarer å leva opp til ideale? Kva når ein opplever at «standarden» eller fasaden slår sprekker fordi ein ikkje klarer å vera perfekt?

Kva formar identiteten din? Har du nokon som kjem til deg og fortel at det er godt å vera i lag med deg? At dei set pris på deg fordi du er den du er? Det trur eg me skulle ha vore flinkare til. Det er med på å forma både oss sjølve og medmenneska våre.

Bibelen fortel at Gud har elska oss med ein evig kjærleik. Han var overmåte glad då han hadde skapt deg. Gud definerer din verdi gjennom det som Jesus har gjort for deg. Gud ser på deg gjennom Jesus. Då Jesus døydde og stod opp igjen, opna han vegen til himmelen for alle menneske.

Jesus Kristus er konstant. Det er han som gjev deg verdi. Jesus er perfekt, og når Gud ser på deg gjennom Jesus, då er du og perfekt. Dette gjev grunn til takk og lovsong.

Russejenter i Etiopia



Vg3-elevene Johanne Vik og Marie Pettersen besøkte misjonsprosjektet i Etiopia.

I høst var vi to heldige elever fra Tryggheimrussen som fikk lov til å reise til misjonslandet Etiopia. Vi visste ikke hva vi skulle forvente, utenom at det sannsynligvis ble en tur med mange inntrykk. Takket være turen til Etiopia ble vi enda mer knyttet til årets misjonsprosjekt.

Tekst og foto: Johanne Vik
og Marie Pettersen

Tabor-skolen

Da vi først kom til Etiopia, reiste vi til Hawassa og Taborskolen. Tabor Evangelical High

School and Colleges er et av prosjektene som blir støttet gjennom misjonsprosjektet i år. Arbeidet der går ut på å gi faglig god undervisning, samtidig som Gud er en del av skolehverdagen. Vi fikk omvisning, og møtte på noen av elevene. De fortalte oss hvor gla-

de og takknemlige de var for at de fikk gå på denne skolen. Her hadde de et kjempegodt miljø, og de fikk bli godt kjent med Gud. Siden all undervisning foregikk på engelsk, var det en stor fordel at lærerne her hadde gode engelskkunnskaper. Skolen sliter likevel litt med at både elevene og lærerne kunne ha bedre engelsk uttale, og ønsker derfor for eksempel at norske ungdommer kommer ned på besøk bare for å snakke engelsk med studentene.

Elevene viste også stor takknemlighet for det arbeidet NLM har gjort slik at de fikk muligheten til å gå på en slik god skole. I Etiopia har alle barn rett til skolegang, men mange klasser har over 90 elever i altfor små klasserom. Dette går tydelig ut over læringsutbytet. Når elevene ikke lærer språket godt nok, blir det vanskelig å lære seg noe ved å lese i lærebøkene selv når de blir eldre. Derfor er arbeidet som blir gjort på Taborskolen veldig verdifullt, og mange av elevene her velger å studere videre.

Sjø og fjell

I Hawassa bodde vi i NLM sitt gjestehus hos misjonæren Ruth Osmundsen. Gjestehuset lå nydelig til ved Hawassa-sjøen, der vi kunne se barn og voksne som fisket. Vi fikk ikke se så mye av det eksotiske dyrelivet, som vi ble fortalt besto av både flodhest og hyener, men inne på tomta, derimot, var det mange fine apekatter.

Køen var lang for vaksinering av barn, men alle fikk hjelp.



Den første morgenen i Hawassa gikk vi på tur opp på Taborfjellet. Der kunne vi se utover hele byen, og utsikten var enda finere enn fra gjestehuset. På toppen var det mange folk som ba eller gikk på tur. Ruth fortalte oss at dette var svært vanlig, og flere folk kom også for å forkynne evangeliet til andre. Vi fikk vite at selv om mange i Etiopia er kristne, er det kristne arbeidet som blir gjort viktig for bistanden, men også for at de som er kristne ikke skal bli villedet i sin tro.

Redusere barnedødeligheten

Etter et par dager i Hawassa dro vi videre til Arba Minch. Vi ble fort bergtatt av det nydelige landskapet med høye fjell og frodige områder. Dagene ble brukt til å besøke sykehusene og helsestasjonene som NLM støtter. I tillegg til Taborskolen i Hawassa, støtter misjonsprosjektet i år også reduksjon av barn- og mødredødeligheten i Etiopia, et prosjekt kalt RMM-prosjektet (Reduce Mother Mortality). Vi besøkte også to helsestasjoner og tre sykehus. Allerede fra første stund ble vi tatt godt imot, men de ble enda mer begeistret i det de fant ut at vi var der på vegne av NLM. Vi fikk blant annet se operasjonsrommene, fødestuene og venteværelsene hvor kvinnene får mulighet til å bo frem til de skal føde. Dette er et tilbud mange benytter seg av, slik at kvinnene får umiddelbar hjelp når det er behov for det.

Vi ble overrasket over den lange fjellveien mellom sykehusene, ettersom området ikke virket særlig befolket. Dette ble raskt motbevist, for rundt neste sving var det en hel landsby. I motsetning til i Norge er landsbyene i Etiopia svært befolket. Derfor er det til stor nytte at legehjelp er såpass tilgjengelig.

Sykehuset i Arba Minch

I tillegg til å besøke de mindre sykehusene og helsestasjonene, besøkte vi også sykehuset i byen Arba Minch. Her blir de mest alvorlige tilfellene tatt hånd om, og



Utdannede og entusiastiske barn ved Tabor ville gjerne fotograferes.

personellet har bred kompetanse og utstyr til å behandle mer krevende situasjoner. På grunn av dette er sykehuset veldig stort og har mange pasienter. I tillegg til behandling av skader får også flere helsefagarbeidere opplæring og praksis her, før de forflyttes videre til mindre sykehus etter behov. De får jevnlig oppfølging og har god kontakt med sykehuset i Arba Minch selv etter at de har byttet arbeidsplass.

Etter turen sitter vi igjen med gode minner og inntrykk, og et annet perspektiv på hva vi som givere i Norge kan bidra til. Vi er veldig takknemlige for muligheten til å se misjonsprosjektet så nært. Nå ser vi betydningen av årets innsamling på en helt annen måte. Vi oppfordrer derfor til forbønn og økonomisk støtte for misjonsprosjektet i Etiopia. Arbeidet er avhengig av oss som givere, og vi vil derfor si en stor takk til alle som bidrar!



Mennene var også til stede på helsestasjonen.



Venteværelser for kvinner som skulle føde og hadde lang vei til sykehuset. Her fikk de også undervisning.



Inngangsporten ved Taborskolen.



Barn utenfor sykehuset i Gidole syntes det var stas med besøk, og ville gjerne vise oss rundt.

Sprang for Etiopia

Elevar samla inn over 650.000 kroner.

Tekst: Henrik Foss
Foto: Tårn Helge Helgøy

Måndag 29. april arrangerte russen og elevrådet årets misjonsløp. I løpet av to timer sprang elevar og lærarar inn 650.000 kroner til årets misjonsprosjekt, som er Norsk Lutherisk Misjonssambands (NLM) arbeid i Etiopia.

Innsamlingsaksjonen skal støtte evangelisering og bistand i Etiopia. Dei innsamla midla skal mellom anna finansiere helserelatert arbeid for å få ned mødre- og barnedødlegheita. NLM støttar også utviklingsprosjekt for å betre levevilkåra på den etiopiske landsbygda. Desse prosjekta dreier seg om vatn, landbruk og utdanning.

NLM samarbeider med den lokale Mekane Yesus-kyrkja for å nå lenger ut med den kristne bodskapen. Ein satsar på bibelomsetjing, evangelisering og kristen utdanning for å gjere Jesus kjent for endå fleire!



Sonata Pathétique

Så skjedde det! I klarveret ein dag i mars kom tre menn i to varebilar og gjekk laus på det gamle klaveret.

Tekst og foto: Knut Handeland

Berre høgt trugne embetsmenn med låge nøkkelnummer og høg tillit var varsle. For oss andre kom det som subito forte på kjerringa, sidan me mentalt held oss til ordlyden i styrevedtak som orkesteret til dirigentstaven. Nokon må ha fått gehør for ei anna tolking, og slik er jo kunsten. Han er fri, slik som pressa, så styrt av høge ideal om sann folkeopplysning var me til stades under desarmeringa. Mennene arbeidde tagale og

konsentrerte. Det utrydningstruga elfenbeinstastaturet vart lagt i orkestergrav for å unngå byråkrati på grensa til galskap og Polen. Fötene vart amputerte i hoftehøgd, så berre speledåsa låg att som ei litt forfina vedkasse. Alt vart tek med lendeklede av dei empatiske trekirurgane, og borene i verdig avmarsj til kurstadens på kontinentet. Medan gamla er i utlendig fideikommis, fekk me i mellombels byte eit glinsande nytt flygel i mindre utgåve. Det skal stå til teneste resten av jubileumsåret, og elles til reisningstida er over og gamla vert heimfus. Ettersom tida er ei klok, men lunefull innretning som hindrar at alt skjer samstundes, er det vanskeleg å seie når det blir, utover at det truleg ikkje kjem til å skje samstundes med alt anna.



Avløysaren er på plass.



Mykje står på spel. Flygelet står på høgkant.



Elefantennene er trekt.



Flygelkirurg i aksjon.

Jubileumsgåve



2019 er eit merkeår i Tryggheim si historie. Skulen er godt i gang med å markera at det er 100 år sidan oppstarten i 1919. Kan hende du har vore innom på ei eller fleire av dei fem jubileumssamlingane som har gått av stabelen i fyrste kvartal av 2019?

På Tryggheim ynskjer vi å gje elevane Guds ord, solid undervisning og hjelp og rettleiing på vegen. Vi treng mykje visdom, innsikt og åndskraft. Takk for omsorg og forbøn i dette arbeidet.

Tryggheim er ein vital 100-åring, men det kostar å bli eldre. Forutan det daglege vedlikehaldet er til dømes utviding av hovudbygget i full sving. Du kan overføre ein bursdagspresang til jubilanten ved å nytta VIPPS-nummer 104908 og merka donasjonen «Jubileumsgåve».

Takk for di gav til jubilanten.

vipps # 104908



Tryggheimhelsing ynskjer alle sine lesarar ein god sommar



Viste du at?

Hildegunn Strandberg (AF 96-99, lærer 14-) og **William Parkinson** (EL 96-98) giftet seg 30. mars.

Olav Erik Dahl (AF 97-00, inspektør Tryggheim usk. 14-19) blir ny rektor på Tryggheim Forus Skoler fra 1. august.

Morten Nord-Varhaug (inspektør Tryggheim usk.) blir ny rektor ved Fjellheim Bibelskole fra 1. august.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Tryggheimkalender

JUNI

Fre. 7. Avslutningsfest kl. 18.00
Lør. 22. Elevstevne

AUGUST

Lør. 17. Åpningsfest og første skoledag for VG1

SEPTEMBER

Ons. 4. Jubileumsforestilling: «Tryggheim i 100»
Tirs. 11.-lør. 21. VG2-tur til Europa og Israel

OKTOBER

Man. 7.-fre. 11. Høstferie
Lør. 19. Jubileumsfest. Øyvind Åsland og Ryfylke Livsgnist deltar.

Tryggheimhelsing

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Henrik Foss
Knut Handeland
Kristin Samdal
Bjørg Topnes
Håkon Haugland (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular:
post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærø



Mange kom for å lytta til Saugstads foredrag om menneskeverd.

Populære jubileumssamlingar

Det går på ingen måte upåkta hen at Tryggheim i år er hundre år, og konseptet med månadlege temasamlingar har, etter fire samlingar, vist seg å vera svært populært med over seks hundre frammøtte på kvar av samlingane!

Tekst: Sofie Braut
Foto: Tårn Helge Helgøy

Det er tydeleg at kombinasjonen tema-fokus, god musikk og mykje god mat er noko som trekker publikum til skulen! Det er dessutan gledeleg at vi får visa fram skulen og bidra til å løfta dagsaktuelle tema gjennom ein kombinasjon av foredrag, samtale og refleksjon. Samlingane i april med tema «Påske og oppstandelse» (8. april) og «Menneskeverd» (25. april) adresserte tema som står heilt sentralt for Tryggheim, og med kapasitatar som den kunnskapsrike teologen Hans Johan Sagrusten på påskesamlinga og prof. en., barnelege Ola Didrik Saugstad som heldt foredrag om menneskeverd under press, har dei frammøtte fått mykje å tenka vidare på.



Blomar og takk høyrer med! F.v. Aud Karin Ringvoll, Kirsten Lea Gausland og Morten Samuelsen.



Engasjerte for menneskeverd - Hilde Svela med band.



Sofie Braut, Solrunn og Hans Børge Aanestad og Ola Didrik Saugstad i samtale om engasjerande tema.



Hans Johan Sagrusten i aksjon på temasamlinga 8. april.

Jubileumsgåve
voops # 104908